

# Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel

Av Kåre Årsvoll

Innlegg på Fagtreff 27. november 2000.

## Bakgrunn

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet evaluerte i 1997-98 tiltak under Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmidler (1990-94). Gruppen konkluderte med at Norge er heilt på høgde med andre land - og på enkelte område i framkant - når det gjeld etablering av virkemiddel og tiltak. Særleg gjeld dette godkjenningssystemet for plantevernmiddel, autorisasjonsordninga som vart innført i 1997, og opplegget for prognosar og varsling. Omsetningsstatistikken gir ikkje noko godt uttrykk for den risikoen plantevernmiddel representerer for helse og miljø. Ut frå arbeidsgruppa sine vurderingar er det likevel truleg at det har skjedd ein reduksjon i helse- og miljørisikoen ved riktig bruk av slike middel på 1990-talet.

Resultat frå overvakingsprogramma for restar av plantevernmiddel i næringsmiddel og i miljøet, og vur-

Kåre Årsvoll er tilsett som seniorrådgjevar i Landbruksdepartementet

dering av potensial for vidare reduksjon i bruken av plantevernmiddel på fleire bruksområde, syner likevel at det er behov for og moglegheiter til ytterlegare reduksjon i risikoen, utan at det får uakseptable konsekvensar for økonomien i norsk landbruk.

## Ny handlingsplan

På grunnlag av resultatane frå evalueringa la arbeidsgruppa fram forslag til ny *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler (1998-2002)*. Forslaget vart drøfta under jordbruksforhandlingane 1998, der avtalepartane (Staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag) vart samde om at "---- det er mest hensiktsmessig for en god tiltaksgjennomføring at planen forankres i et organisert samarbeid med jordbrukets organisasjoner."

I samsvar med dette vart det nedsett ei avtalepart-samansett arbeidsgruppe til å:

- Evaluere gjennomføringa og effekten av tiltaka

- Gje innspel til framtidige jordbruksforhandlingar om vidareutvikling av handlingsplanen

Etter vurdering av høyringsuttalar og med dei endringane/merknadene som det var semje om under drøftingsmøte med jordbruksorganisasjonane, vedtok Landbruksdepartementet handlingsplanen 7 oktober 1998.

## Mål

*Risiko for helse- og miljøskader ved bruk av plantevernmidde skal i planperioden reduserast med 25 % målt ut frå best tilgjengeleg målemetode som bl a tar omsyn til plantevernmidla sine ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning*

*Førekost av plantevernmidde i næringsmidde og drikkevatt skal reduserast så langt som mogleg og ikkje overskride vedtatte grenseverdier*

*Plantevernmidde i grunnvatt bør ikkje førekome og skal ikkje overskride grenseverdiene for drikkevatt*

*Førekost av plantevernmidde i bekke og overflatevatt skal reduserast så langt som mogleg og ikkje overskride verdiar som kan gje skade på miljøet*

## Tiltak og virkemidde

Bygger på 5 hovudelement:

• Godkjende plantevernmidde med mest mogleg gunstig helse- og miljøprofil, og med merking som gir tilstrekkelege opplysningar

• God kunnskap hos brukaren om biologi, plantevernmidde og sprøyte-teknikk

• Optimale rammevilkår for å redusere risiko ved bruk av plantevernmidde, alternative bekjempingsmetodar, godt sprøyteutstyr m v

• Overvaking av plantevernmidde-restar i næringsmidde og miljø

• Langsiktig kunnskapsoppbygging

Fleire av tiltaka inneber ei vidareføring av tiltak frå den første handlingsplanen. Dette er tiltak som i stor grad er avhengig av vidareføring dersom effekten skal haldast oppe.

## Tiltaksgjennomføring - STATUS oktober 2000

### • Utvikle statistikk / risikomåling

- Statens landbrukstilsyn har tatt i bruk ein metode for risikomåling; relative risikotal for 1997 og 1998 dannar basis for utviklinga framover.

- Landbrukstilsynet og Statistisk sentralbyrå samarbeider om å etablere statistikk for bruksmønster.

### • Godkjenningsordninga

Saksbehandlarkapasiteten ved Landbrukstilsynet er auka, rutinane lagde om og rasjonaliserte, og samstundes kvalitetssikra.

### • Godkjenningsordning for nytteorganismar

Frå komande årsskifte blir ei ny godkjenningsordning gjort gjeldande for levande nytteorganismar til bruk i biologisk bekjemping.

- **Vurdere samfunnsnytte**

Innan utgangen av mars neste år skal Norsk institutt for landbruk-søkonomisk forskning (NILF) utvikle eit enkelt modellverktøy som kan med- verke til at samfunnsnytte i større grad blir tatt omsyn til ved godkjenning av plantevernmiddele.

- **Autorisasjon av forhandlarar og brukarar**

Gjort gjeldande frå 1 juli 1997.

- **Krav om føring av sprøytejournal**

Gjort gjeldande frå 1 mars 1999.

- **Funksjonstesting av sprøyteutstyr**

Blir gjort obligatorisk frå komande årsskifte.

- **Overvakingsprogram**

- Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) vidarefører og styrkjer overvakinga av plantevernmiddelestar i næringsmid- del.

- SNT skal på grunnlag av ei system- atisk undersøking vurdere behovet for rutinemessig

overvaking av restar i drikkevatt.

- JOVÅ-programmet blir vidareført med vekt på å klargjere miljøeffektar.

- **Bondens helseisriko – informa- sjonstiltak**

Blir gjennomført vinteren 2000/2001 i samarbeid mellom Landbrukstilsynet og Landbrukshelsa, med bl a for- søksringane som medaktørar.

- **Miljø – informasjonstiltak**

Informasjonskampanje med særleg

fokus på vern av vassmiljøet under sprøyting og i samband med fylling og reingjering av sprøyteutstyret, vil bli gjennomført neste år under leing av Landbrukstilsynet.

- **Integrert plantevern**

Planteforsk Plantevernet utarbeidde i 1999 generelle retningsliner for inte- grert plantevern, og har vidare i 1999/2000 utarbeidd forslag til spesi- fikke retningsliner og krav som bør leggjast til grunn i dei viktigaste kul- turane. Desse retningslinene er no under praktisk utprøving, kvalitets- sikring og justering.

- **Skadetersklar, prognosar og varsling**

### *Landbruksmeteorologisk teneste (LMT)*

Denne tenesta omfattar drift, vedlike- hald, innsamling og kvalitetssikring av data frå 52 automatiske ver- stasjonar utplasserte i dei viktigaste jordbruksdistrikta, som eit nødvendig supplement til data frå Det norske meteorologiske institutt (DNMI). Saman med data frå eigne ver- stasjonar blir data frå relevante DNMI-stasjonar og verprognosar frå DNMI brukte av Planteforsk etter avtale med instituttet ved utarbeiding av skadetersklar, prognosar og varsel.

### *Formidling – utvikling av varsel*

Forskarar frå Planteforsk har saman med ringleiarar frå Landbrukets Forsøksringar (LFR) gått grundig gjen- nom dagens aktivitet på skadetersklar, prognosar og varsling. Dette samarbei- det har resultert i ein 5-års plan for den

vidare utviklinga på dette feltet: *Plan for samarbeid om skadeterskler, prognoser og varsling 2001-2005*, mai 2000. Sentralt i denne satsinga står utvikling av ein ny generasjon plantevernvarsling, basert på moderne IKT. Dette opnar for nye moglegheiter til utveksling av data og informasjon mellom brukar, rådgjevar og forskar.

- **Forskning og utviklingsoppgåver (FoU)**

FoU-verksemda tek sikte på å redusere behovet for kjemiske plantevernmidler, framskaffe data og modellar for risikovurderingar og medverke til å klarleggje årsakssamanhengar mellom bruk av plantevernmidler og funn i miljøet, dessutan auke kunnskapen om effektar av plantevernmidler på norsk flora og fauna.

- **Oppgåver med hovudvekt på forskning**

Oversyn over igangverande og planlagde forskingsprosjekt utarbeidd av Planteforsk i samråd med Jordforsk, syner at det er aktivitet knytt til alle aspekt av plantevern-problematikken, og at den er relevant og rimeleg dekkjande for dei måla som er trekte opp i handlingsplanen, men at det er eit klart behov for ei styrking på enkelte område.

Midlar avsette i jordbruksoppgeret til forskning blir forvalta av Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen. Før styret behandlar innkomne søknader, er desse vurderte av Norges forskingsråd for forskingsfagleg kvalitet.

- **Forvaltningsretta utviklingsoppgåver**

Desse omfattar bl a modellar for miljørisiko – kvalitetssikring; utprøv-

ing av biobed-system; verknad av vegetasjonssonar; eksponering av menneskap under sprøyting.

- **Omlegging av avgiftssystemet**

Frå 1 mars 1999 blei avgiftssystemet lagt om. Plantevernmidla blir no grupperte i avgiftsklassar baserte på ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning. Avgifta var tidlegare basert på omsetningsverdien, medan den no er basert på normerte arealdosar. Miljøavgifta blir differensiert etter midla sin risiko for helse- og miljøskadar, medan kontrollavgifta er udifferensiert.

Det nye avgiftssystemet skal evaluerast neste år.

- **Avgiftsnivået**

I forslaget til handlingsplan blei det tilrådd ein gradvis auke i miljøavgifta på plantevernmidler til eit nivå 7-8 gonger høgare enn i 1998 for at avgifta skal få tilstrekkeleg effekt. Landbruksdepartementet vurderer nivået på avgifta i samband med dei årlege budsjettframlegga.

Etter statsrekneskapen kom det inn 24,1 mill kr i miljøavgift på plantevernmidler i 1998, og i omleggingsåret 1999 da nivået samstundes skulle doblast, kom det inn 35,4 mill kr. For 2000 er det budsjettet med ein auke til 60 mill kr. Dette avgiftsnivået er vidareført for 2001 (jf St.prp.nr.1, 2000-2001).

- **Finansiering av tiltak**

Til gjennomføring av tiltak under handlingsplanen er det over jordbruksavtalen / jordbruks-oppgeret sett av 9 mill kr for 1999, 12 mill kr for 2000 og 17 mill kr for 2001. I tillegg er ramma for løyvingar på det ordinære statsbudsjettet auka med 2,5 mill kr frå og med 1998.